

## **Referat frå møte i FoU- utval FHS 23.06.2020**

**Tidspunkt:** 12.00-15.00

**Sted:** Skypemøte

**Tilstede:** Margreth Grotle, Liv Heide Magnussen, Christine Øye, Ole-Bjørn Rekdal, Frode Fadnes Jacobsen, Kjell Einar Barsnes, Yannick Broese van Groenou (studentrepr.) og Alice Kvåle (leiar), Solveig Lund Witsøe (sekretær).

### **1. Saksliste, innkalling**

Kommentarar til innkalling og sakslista: ingen kommentarar.

Kommentar til referat: under punkt 4/20 Publikasjonsprisen ved FH, så skal det stå *enkeltpersonar* og ikkje *enkelte personar*.

### **Ymse informasjon**

Studentrepresentant Yannick Broese van Groenou er ferdig i FoU-utvalet nå til summaren.  
Ny studentrepresentasjon er ennå ikkje på plass.

### **Vedtakssaker**

#### **Sak 6/20 Publikasjonsprisen ved FHS**

På førige FoU-utvalsmøte vart kriteria for prisane diskutert, og på dagens møte vart det ein vidare diskusjon av kriteria for prisane.

##### **1) Populærviskapeleg formidling:**

- FoU- utvalet foreslår ei omskriving av punktet *forskningsmessig impact til populærviskapeleg formidling av forsking som har samfunnsmessig påverknad*
- Det bør stå litt meir konkret kva som er formatet, til dømes sosiale media og kronikker

##### **2) Forskargruppepris:**

- Ha med krav om brukarinnvolvering i forsking
- Omskrive punktet *originalitet og dristigheit til kvalitet, originalitet og djervskap*.

Desse punkta er no med: Publiseringaktivitet – Studentinvolvering – Søknadsskriving – Tilslag på søknader om ekstern finansiering – Internasjonalt og nasjonalt samarbeid – Forskningsformidling – Kvalitet, originalitet og djervskap – Samfunnsnytte og impakt – Forskargruppa må ha framheva helse og/eller sosialvitskapleg forsking ved fakultetet på ein god måte – Brukarinvolvering

### **Søknadsprosess:**

- Forskargruppeleiar, instituttleiar eller fagseksjonsleiar kan nominera. I tillegg til ei sides med argumentasjon/søknad kor man svarer på kriteria, kan ein leggja ved forskargrupperapporten for 2019.

Målet er at medlemmane i vurderings komiteen vert oppnemnt innan 1. september 2020. Forslag:

Oddvar Førland (IHO)  
Bente Frisk (IHF)  
Kristin Ådnøy Eriksen (IHO)  
Gudmund Ågotnes (IVD)

Ein studentrepresentant

## Vedtak

FoU- utvalet vedtar kriteria for tildeling for desse to prisane, samt medlemmar til vurderingskomité. Prisen skal delast ut på Forskarforum i november.

## Sak 7/20 Toppkompetanse

Det vart lagt fram to alternativ til tiltak på FHS sitt leiarmøte 12. mai 2020. Leiargruppa vedtok alternativ 1, dvs tildeling av tre professorstipend og eit dosentstipend for 2 år (2021-2022). Kvart stipend inneber 10% ekstra FoU-tid i 2021 og 2022, samt inntil kr 30.000,- i driftsmidlar og 10 timer til mentor.

Det må være ein utlysing i haust, slik at man kan tildele i god tid før 1. januar 2021.

Diskusjon om kriteria, og ein landa på desse kriteria og komitésamansettning:

### 1) Professorstipend

- krav om minst 5 fagfellevurdert publikasjonar etter avgjort ph.d. innanfor område knytt til ph.d.-programma eller forskarprogramma ved FHS (artiklar, antologiar, bokkapittel)
- aktiv i pågående prosjekt, fortrinnsvis vera prosjektleiar
- dokumentert erfaring med rettleiing av masterstudentar og ph.d-stipendiatar. Å vera hovudretteleiar er ein fordel (inklusiv begynt)
- ønska kvalifikasjonar, til dømes evne til å hanke inn prosjekt
- å ha erfaring med søknadsskriving for eksterne midlar vil vera ein fordel

Forslag på vurderingskomité professorstipend:

IVD: Kjetil Lundberg

IHF: Ola Røksund

IHO: Monica Hermann eller Karin Marie Moland (prof. II)

### 2) Dosentstipend

- krav om publikasjonar ut over det som vart brukt i førstelektoropprykssøknaden
- dokumentera at ein har kome om lag halvvegs i løpet til dosentoppryk
- dokumentera god progresjon
- dokumentera rettleiarerfaring av masterstudentar og tilsette i førstelektorlaup
- aktiv i pågående utviklings og/eller forskingsprosjekt

Forslag på vurderingskomité dosentstipend:

IVD: Anne Karin Grov prof. II

IHF: Hanne Tuntland

IHO: Arne Langøen eller Arvid Birkeland

## 3. Drøftingssaker

## Sak 8/20 Rekrutteringsstillingar

Som følgje av tildeling av ekstra studieplassar frå hausten 2020 fekk FHS tildelt fem ekstra rekrutteringsstillingar. Sidan FHS har fått eigne ph.d.-program kan nokre av desse brukast til post-doc

stillingar for å byggja topp-kompetanse og styrkja universitets-ambisjonen. I tillegg til desse fem stillingane så har fakultetet ei ledig KD-stilling frå 2019. FHS-leiinga gjekk i leiarmøtet 22.6.2020 inn for at ein tildeler tre ph.d.-stipend (4 år med 25% undervising) fordelt med eitt til ph.d. i Helse, funksjon og deltaking og to til ph.d. i RESINNREG. Dei resterande rekrutteringsstillingane vert nytta til tre post-doc stipend (100% 2 år midlertidig stilling). FoU-utvalet støttar denne avgjersla.

**Ph.d.-stipend:** Stipendiatstillingane går til dei som vart vurdert i samband med intern prosjekt-utlysing ved FHS våren 2020, men som ikkje fekk tildeling. Ein har her tatt omsyn til tidlegare vurdering, samt geografi og miljø.

Prosjektleiarane som får tildelt ph.d.-stipend må kontakte HR og instituttleiarane for å sette i gang prosess med utlysing med frist 1. september. Et PU- medlem skal være med i tilsettingsprosessen av stipendiatar. PU- medlemmet skal delta og ikkje lede.

Et innspeil frå FoU- utvalet: det burde være to vara for PU- utvalet sine medlem for å ha fleire å spela i komitéarbeidet for å unngå for stor belastning på kvart PU-medlem.

**Postdoc- stipend:** Alle forskingsmiljø ved FHS skal få moglegheit til å søke. Leiargruppa vedtok i møtet 22.06.20 at tildelinga av dei tre postdoc- stipenda skal skje i en to-trinnsprosess. Frist for å sende inn søknad er 1. september. Komiteen må helst være ferdig til 21. september, slik at det kan leggast fram på leiarmøtet 23. september.

Trinn 1: Først vert det utlyst ein intern prosjektkonkurranse med søkerfrist 1. september for å sikre at prosjekta som får tildeling er knytt til FHS sine forskingsaktivitetar. Rettleiar/prosjektleiar som søker må ha tilknyting til FHS og skriva ein forkorta prosjektplan (ca 2-3 sider), samt synleggjera at det er data- og publiseringssgrunnlag for ei post-doc stilling. Ein komité rangerer prosjekta og leiargruppa tildelar så post-doc stillingane til dei tre best kvalifiserte og relevante prosjekta der dei kan ta omsyn til fakultet sine miljø og strategiske behov.

Trinn 2: Dei tre post-doc stillingane må vera knytt til dei tre 'vinnar-prosjekta' og lysast ut på vanleg måte (internt og eksternt). Målet er utlysing ca 1. oktober med søkerfrist ca 1. november. Søkjrarar til post-doc-stillingane må ha helse- eller sosialfagleg bakgrunn og ha disputert i løpet av dei siste 5 åra, ha tilgang på data og ein klar publiseringssplan og kunne styrkja forskingsmiljø ved FHS. Ein prosjektplan på ca 5 sider skal leggast ved søkeren.

Innspeil frå FoU- utvalet:

- Det bør være eit kriterie som går på at post-doc-stipenda er strategisk knytt til ph.d.-programma og forskingsprogramma ved FHS.

Forslag på medlemmar til vurderingskomite av søkerne i trinn 1:

Christine Øye (IHO)  
Margreth Grotle (OsloMet)  
Ole Bjørn Rekdal (IVD)

## Sak 9/20 Forskarforum hausten 2020

Forslag dato: fredag 6. november

Forslag på tema:

- miljøbygging ved FHS knytt til samanheng mellom forskarprogram, forskargrupper og ph.d.
- Innlegg frå forskingsprogramleiarar frå FLKI og IGS.

Forskarforum skal (om mogleg) være eit fysisk møte.

#### **4. Orienteringssaker**

Prosess og status forskingsprogram:

- Arbeidsgruppa har hatt tre møter
- Gruppa har arbeida med en skisse- som skisserer fire eller fem program
- Rapporten skal sendes til forskargruppene og leiargruppa etter sommaren
- Vi må jobbe saman om korleis forskargruppene og forskingsprogramma skal fungere- på tvers av institutt og campus.

#### **5. Eventuelt**

Haustens FoU-møte vert:

- 9. september
- 21. oktober
- 14. desember

Referat ved Solveig Lund Witsø

Bergen 24.6.2020